

ORDFORKLARINGAR TIL DIALEKTSKISSENE

dativ – kasus som viser at ordet står som indirekte objekt, eller at det er styrt av spesielle verb, adjektiv eller preposisjonar (*følgje guta, lik fara, åt ȝyrkijnje*, 'følgje guten, lik faren, til kyrkja')

diftong – to vokalar som utgjer berre éi staving, for eksempel *ei, oy* og *ai*.

differensiasjon – to ulike konsonantar som står etter kvarandre, blir gjorde meir ulike, for eksempel *bjørn* blir til *bjødn* (*rn* → *dn*).

høgstatusvariant – ord og former som blir rekna som typiske for folk med høg status. Å bruka desse variantane blir gjerne rekna som "finare" enn å bruka andre ord og former.

infinitiv – grunnforma av verbet, som me kan setja *å* framom. Det er denne forma av verbet som står som oppslagsform i ordlista, for eksempel *kjøpe, lese*.

innskotsvokal – ein vokal som i mellomalderen blei sett inn i slutten av eit ord, særleg i adjektiv og presens av sterke verb. Denne vokalen kom i si tid truleg inn for å letta uttalen av konsonant framfor *-r*. Seinare har *r*-en falle bort i dei fleste tilfella. Eksempel: *ein kloke gut* (*klókr* → *klóker* → *kloke*), *eg ȝeme no* (*kemr* → *kemer* → *ȝeme*)

kasus – bøyingsform av pronomén eller substantiv som viser funksjonen ordet har i setninga, for eksempel som subjekt (jf. *eg, ikkje meg*) eller objekt (jf. *meg, ikkje eg*).

nemneform – kasus i substantiv som er brukt som subjekt, predikativ eller direkte objekt, men ikkje i indirekte objekt i tilfelle der dialekten har dativformer.

open vokal – ein vokal som blir uttalt med større opning i munnhola enn den tilsvarannde tronge vokalen, jf. forskjellen på dei to e-ane i verbet *å lese*.

oppslagsform – den forma som står oppført først i ein ordboksartikkel, for eksempel ubestemt form eintal av substantiv (*gut, jente, hus*) og verb i infinitiv (*skrive, kjøpe, lese*).

perfektum partisipp – den forma av verbet som blir bruk etter *har/vert/blir*, for eksempel *har kjøpt*.

preteritum – den forma av verbet som i regelen står for fortid i høve til tidspunktet for utsegna, for eksempel *Eg nådde bussen. Ho kjøpte huset*.

rulle-r – *r* som blir laga med tungespissen, til forskjell frå skarre-*r* som blir laga langt bak i munnhola.

samandraging – når bøyingsendinga gjer at ein utelet ein trykklett vokal i stamma, for eksempel *ein hammar – fleire hamrar* (ikkje *hammarar*).

segmentasjon – éin lyd blir til to ulike lydar, som når *fjell* blir til *fjedl* (*ll* → *dl*).

skarre-r – *r* som blir laga langt bak i munnhola, til forskjell frå rulle-*r* som blir laga med tungespissen. Det er denne *r*-lyden som er vanleg på Sørlandet og på store delar av Vestlandet. Skarre-*r* blir laga med å lyfta bakre del av tunga mot ganen langt bak i munnhola og pressa lufta forbi slik at det oppstår ein høyrbar friksjon. Somstad blir lyden òg uttalt med at drøvelen vibrerer.

sosiolekt – talemålet i ei gruppe som er sosialt avgrensa.

stamme – den delen av ordet som står att når me tek vekk endinga, for eksempel inneheld ordet *foten* stamma *fot* og bøyingsendinga *-en*.

sterke hokjønnsord – hokjønnsord som ikkje sluttar på trykklett endingsvokal i oppslagsforma, for eksempel *bok, ku, natt*.

sterke verb – verb som ikkje får ending i fortid, og som dessutan gjerne har vokalskifte i stammen mellom bøyingsformene, og der perfektum partisipp ofte har endinga *-e*. Eksempel på slike verb er *bita – beit – bite, fara – for – fare, krypa – kraup – krope*.

svake hokjønnsord – hokjønnsord som har meir enn òg staving, og som sluttar på trykklett endingsvokal i oppslagsforma, for eksempel *jente*, *vise*, *tonne*.

svake verb – verb som får tillagt ei ending i fortid, for eksempel *tenkja* – *tenkte*, *lysa* – *lyste*, *læra* – *lærte*.

tonegang – den skiftande tonen gjennom uttalen av eit ord.

tonem – mønster for tonegang som skil elles like ord frå kvarandre. Eksempel: *stupet* (substantiv) blir uttalt med tonem 1, *stupe* (verb) med tonem 2. I lydskrifta markerer me tonem 1 med teiknet ' ('stupē) og tonem 2 med teiknet ` (`stupē).

tonemforskjell – det at elles like ord (men med ulik betydning) blir skilde med tonegangen. Eksempel: *stupet* (substantiv) blir uttalt med tonem 1, *stupe* (verb) med tonem 2. I lydskrifta markerer me tonem 1 med teiknet ' ('stupē) og tonem 2 med teiknet ` (`stupē).